



UTVALDE KULTURLANDSKAP I JORDBRUKET
- EIT NASJONALT UTVAL AV SPESIELT VERDIFULLE KULTURLANDSKAP



Forvaltningsplan for Midtre Lærdal
2018 - 2028

Utgåve 1. november 2017

Innhald

1	Innleiing.....	3
2	Områdeskildring.....	4
2.1	Midtre Lærdal	4
2.2	Historisk bruk og driftsformer	5
2.3	Dagens bruk og driftsformer	6
2.3.1	Frukt og grønt	7
2.3.2	Grovfôrproduksjon og husdyr.....	7
2.3.3	Andre brukarinteresser	8
2.4	Avgrensing av området.....	8
2.4.1	Kjerneområde Borlaug - Eraker	9
2.4.2	Kjerneområde Borgund – Seltun	10
2.4.3	Kjerneområde Stuvane - Raa	11
2.4.4	Munningen av Tynjadalen.....	12
2.4.5	Hauge – Molde	13
2.5	Biologiske og kulturhistoriske verdiar i området.....	15
2.5.1	Biologiske verdiar	15
2.5.2	Kulturmarkstypar	15
2.5.3	Kulturhistoriske verdiar.....	15
2.5.4	Heilskap.....	16
2.5.5	Kontinuitet og tidsdjupne	16
2.5.6	Representativitet og særpreg.....	16
2.5.7	Formidlingsverdi	17
2.6	Fotodokumentasjon.....	17
3	Utfordringar.....	17
4	Visjonar og mål.....	18
5	Skjøtsel og vedlikehald – tiltak	18
6	Lovverk – status og tiltak.....	19
6.1	Tematisk kommuneplan for landbruk og kulturminnevern	19
6.2	Anna lovverk.....	20
6.2.1	Kulturminnelova	20
6.2.2	Naturmangfaldlova.....	20
7	Tiltak for næringsutvikling.....	21
8	Kostnadsoverslag og finansiering	21
8.1	Kostnader.....	21
8.2	Finansiering	22
9	Vedlegg.....	24
10	Kjeldeliste.....	24

Framsidedfoto: Til venstre; husmannsplassen Halabrekka, til høgre: husmannsplassen Galdane. Fotograf: Leif Hauge

1 Innleiing

Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) er ei oppfølging av nasjonale mål om å vareta kulturlandskapet. Dette er eit samarbeid og spleiselag mellom styresmakter innan landbruk og miljø. Satsinga er basert på frivillige avtaler mellom staten og grunneigarane. I perioden 2009 – 2017 var 22 utvalde område med i utvalet. I 2017 vert satsinga utvida til først å gjelde 32 område, og seinare 45 område over heile landet. Dei utvalde områda omfattar kulturlandskap i jordbruket med både svært store biologiske og kulturhistoriske verdiar som det er realistisk å halde ved like på lang sikt.

Forvaltningsplanen er eit felles grunnlag for forvaltninga av det verdifulle kulturlandskapet for grunneigarar/brukarar, kommunen og staten. Skjøtselsplanar for området og aktuelle avtaler mellom grunneigarar/brukarar og staten skal vere tufta på forvaltningsplanen. Planen skildrar området med fokus på biologiske og kulturhistoriske verdiar, aktuelle restaurerings- og skjøtselstiltak, juridiske og økonomiske rammer, samt målsettingar, utfordringar og moglegheiter i høve til ei langsiktig forvaltning.

Verdiane i kulturlandskapet i jordbruket er avhengige av framhald i bruk, skjøtsel og vedlikehald for å oppretthaldast. Ei vellukka forvaltning er såleis avhengig av folk med kunnskap, interesse, driftsmidlar og beitedyr som kan ta på seg dei ulike skjøtselstiltaka. Her er grunneigarar og gardbrukarar viktige aktørar. I mange høve vil det også vere avgjerande med deltaking frå andre grunneigarar, einskildpersonar og eldsjeler, ulike lag og foreiningar. I prosessen med å nominere Midtre Lærdal som utvalt kulturlandskap i jordbruket har det vore gjennomført ein forankringsprosess lokalt. Gjennom ulike møte med leing og administrasjon i Lærdal kommune er det tydeleg at kommunen har eit levande engasjement for å vareta kulturlandskaps- og landbruksverdiane i området. For å informere grunneigarar har det vore gjennomført ope møte med innlegg frå landskapsgeograf Oskar Puschmann og Jan Fredrik Hornemann frå UKL Steinsletta. Temaet har vore løfta fram gjennom media, og fleire grunneigarar har vore i kontakt med Lærdal kommune for uttrykke interesse for å bli med i ordninga.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved landbruksavdelinga har hatt ansvaret for skiving og koordinering av arbeidet med forvaltningsplanen. Lærdal kommune, Fylkesmannen si miljøvernavdeling og Høgskulen på Vestlandet har vore involvert i arbeidet med planen.

Forvaltningsplanen er eit dokument, som saman med framtidige skjøtels- og restaureringsplanar, legg til rette for langsiktig forvaltning av kulturlandskapsverdiane i området. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande, og planarbeidet er ikkje lagt opp etter plan- og bygningslova. Forvaltninga er basert på frivillig deltaking frå grunneigarar/brukarar. Dersom verdiane som skal varetakast går tapt eller vert redusert, kan det føre til at området mister sin status som "utvalt kulturlandskap i jordbruket".


Fylkesmannen vil oppmode Lærdal kommune om å innarbeide forvaltningsplanen som eit retningsgjevande grunnlag for arealforvaltninga i området. Dette vil vere ei oppfølging av det tidlegare arbeidet kommunen har gjort for å styrke statusen til området som eit verdifullt kulturlandskap med aktivt, moderne landbruk og matproduksjon.

2 Områdeskildring

2.1 Midtre Lærdal

Midtre Lærdal i Lærdal kommune, Sogn og Fjordane fylke ligg i jordbruksregion Fjordbygdene på Vestlandet og i Trøndelag og i landskapsregion 23. Indre bygder på Vestlandet. Dalen er ein u-dal med ei karakteristisk elveslette omgitt av terrasseflater, der Lærdalselvi utgjer det sentrale landskapselementet. Grusterrassane på Ljosne og Eri er særskilt tydelege.

Området omfattar eit lengre strekke av dalbotnen i Lærdal frå Lærdal sjukehus i nordvest, til Borlaug som austlegaste punkt, eit område på totalt 39 000 dekar (39 km²). Området omfattar fleire grender, 150 gardsbruk der om lag halvparten søkte produksjonstilskot i 2017, og ei rekkje kulturminne og biologisk verdifulle område. Det er mange aktive gardbrukarar og beitedyr i området, og stor vilje til å ta vare på og dra nytte av dei store verdiane. Lærdal kommune har vist positivt engasjement i prosjektet og det er god interesse blant grunneigarane.



Figur 1 Kart over Lærdal kommune. Kjelde: Fylkesatlas

Dalen er prega av aktivt jordbruk, og gode lokalklimatiske forhold. Saman med lett driven sandjord gjer det gunstige klimaet at våronna startar tidlegare her enn elles i distriktet. Området har gode føresetnader for dyrking av korn, grønnsaker, poteter, frukt og bær, og i tillegg store utmarksområde med gode beite for husdyr.

Området er eit heilskapleg kulturlandskap, der tradisjonsrike gardsmiljø og lokalitetar med særleg biologisk og kulturhistorisk verdi ligg i ein mosaikk med ordinære produksjonsareal og moderne bygningsmiljø og infrastruktur. Det fulldyrka arealet er godt drive og halde i hevd. Det er potensiale for nydyrking i meir skrinne område og skog. Ein del beiteområde er i ferd med å gro att og treng vedlikehald. Generelt er utmarksområda i ferd med å gro att i likskap med andre område i landet, og tregrensa kryp oppover (NRK 2016).

Mange av dei rikt biologiske areala vert skjøtta aktivt og nokre av desse får midlar frå Miljødirektoratet si ordninga for truga naturtypar, eller til forvaltningstiltak i kulturlandskapsområde.

Midtre Lærdal er rikt på kulturminne, både av nasjonal, regional og lokal verdi. Det er generelt godt vedlikehald på bygningar og bygningsmiljø på gardstun, men det trengst òg vedlikehald. Det same gjeld andre kulturminne. Dei historiske vegane har gjennomgått omfattande registrering og restaurering i regi av Statens vegvesen og Kongevegprosjektet. Veganlegga vert haldne i hevd gjennom årleg skjøtsel i regi av Lærdal kommune.

2.2 Historisk bruk og driftsformar

Lærdal ligg inst i Sognefjorden og har til alle tider fungert som eit knutepunkt og viktig ferdselsåre mellom aust – og vestlandet, der fjellovergangane Filefjell og Hemsedalsfjellet leier over til høvesvis Valdres og Hallingdal. Gamle vegsystem som Kongevegen med Vindhella, Sverrestigen og vegane over Seltåsen og Steineåsen fortel om hyppig ferdsel. For dei som har ferdest gjennom dalen har Sognefjorden vore ei naturleg ferdselsåre vidare mot vest før bilferjer og vegar overtok som viktigaste kommunikasjonsåre.

Arkeologiske undersøkingar av lokalitetar knytt til utvinning av Lærdalskvartsitt vart gjennomført i fjellområda mellom Sogn og Fjordane og Oppland sesongen 2017. Resultata frå undersøkingane understrekar den lange kontinuiteten i ferdselen mellom aust og vest. Kvartsitt frå kvartsittbrota ved fjellet Kjølskarvet i Lærdal var godt eigna til reiskapsproduksjon, og eit ettertrakta råstoff i steinalderen. Kvartsitten vart truleg brukt frå midten av eldre steinalder (10 000 - 4000 f.Kr) gjennom steinalderen og bronsealderen til dei første hundreåra av jernalderen før Kristi fødsel. Frå verkstads plassar i nærleiken av brotstadane vart kvartsitten frakta som emner til buplassar både på austsida og vestsida av vasskiljet (Loftsgarden og Ramstad 2017). I den same undersøkinga vart det registrert steinbuer og oppmuringar ved steinblokker som truleg har vore nytta til overnatting i samband med jakt, driftehandel og anna ferdsel.

Eit anna døme på Lærdal som viktig ferdselsåre vart understreka gjennom arkeologiske funn frå vikingtida på Bjørkum i 2009. Funna er tolka som restar etter ein gard og produksjonsplass der det truleg har gått føre seg sesongmessige samlingar og noko handel (Ramstad et al. 2017; Ramstad 2015).

I mellomalderen veks strandsitjarstaden Lærdalsøyri, nedst i dalføret, fram som marknadsplass og heldt fram med å gjere Lærdal til ei viktig transportåre austover og vestover i landet. Her vart det arrangert marknad ein gong i året, der kystbønder og fjellbønder møttest for å utveksle varer. Lærdalsmarknaden er nemnt så tidleg som i 1596 og blir framleis arrangert både vår, haust og før jul.

Jordbruket i Lærdal har truleg røter tilbake til overgangen mellom yngre steinalder og bronsealder (t.d. Ramstad 2011) og har sidan den gong vore den næringa som har prega landskapet i stor grad. Kulturmarker, kulturminne og ein sterk kultur for landbruk står att som manifestasjonar av denne bruken.

Kulturminne som særleg utmerkar seg i Lærdal er dei mange veitesystema i heile dalføret. Grunna det tørre klimaet og den sandhaldige grunnen var det naudsynt med kunstig vatning for å oppnå gode avlingar. Dei eldste veitene vart bygd på 12-1300-talet, og mange gjekk først ut av bruk på 1960-talet då dei vart erstatta av trykkvatningsanlegg. Veitesystema var tradisjonelt opne kanalar av varierende storleik, anten jordveiter eller steinsatte veiter. Breidda på ei tilførselsveit var normalt under 1 meter, og djupna var på om lag 0,5 meter. På engene forgreina hovudveita seg i fleire sideveiter på 20-30 cm breidd, der inntaket vart regulert med eit spadeliknande trestykke. Veitebruken var underlagt strenge reguleringar slik at alle skulle ha nytte av vatnet (Hauge 1998: 22-24).

Pelsdyrhald har vore ein del av landbruket i Lærdal. Under starten av pelsdyrhaldet i Norge var det mange i Lærdal som satsa på denne næringa. Dei siste åra har dei fleste pelsdyrfarmane avvikla drifta på lik linje med resten av landet. Pr. 2017 er det att ein stor pelsdyrfarm som driv med mink.

Lærdalselvi har tradisjonelt vore ei av dei beste lakseelvane i Norge, og er kanskje den mest kjente internasjonalt. Allereie tidleg på 1800-talet kom dei første engelskmennene til Lærdal, noko som var starten på ein lang tradisjon med storlaksfiske og ei viktig næring for Lærdalsbøndene som har påverka reiselivet.

For Lærdal kommune er det ei målsetjing å oppnå eit godt samspel mellom å ta vare på det historiske landskapet og ei framtidsretta stadutvikling. Arbeidet med å få området innlemma i ordninga utvalde kulturlandskap i jordbruket vil ein stimulans for å nå dette målet (Lærdal kommune 2009: 7).

2.3 Dagens bruk og driftsformer

Det vert drive eit aktivt og innovativt jordbruk i Lærdal, men som i resten av landet går tal aktive gardbrukarar ned. I Lærdal er det reduksjon av husdyrbruk medan tal dekar jordbruksareal i drift er stabilt (Lærdal kommune 2014). Tala syner og ei auke i tal dekar som vert nytta til frukt og bær dyrking. Til saman er det om lag 75 aktive bruk innanfor UKL-avgrensinga, og 700-800 innbyggjarar.

Frå sjukehuset til Ljøsne er det samanhengande jordbruksområde på begge sider av elva. Det meste av arealet ligg i dalbotnen, men i øvre halvdel ligg og viktige jordbruksområde oppe på grusterrassane. I denne delen av dalføret er det eit variert jordbruk med husdyrproduksjon (storfe og sau), fôrdyrking, frukt- og grøntproduksjon. Vidare oppover hovuddalføret frå Ljøsne til Borgund, er jordbruket meir spreidd. Her dreier drifta seg om husdyrproduksjon (storfe og sau) med noko hagebruk.

2.3.1 Frukt og grønt

I hagebruket vert det i hovudsak dyrka morellar, bringebær, jordbær, poteter, gulrot, blomkål og kål. Næringa er prega av høg kompetanse, godt samarbeid og kontrollert i dyrking med moderne vatningsanlegg og dekkesystem i bringebær- og morellhagar.

Frå 1998 og utover har morellprodusentane i Lærdal utmerka seg. Dei utgjør no det leiande produsentmiljøet i landet, og som følgje av dette har Sogn og Fjordane vore den største morellprodusenten i landet dei siste åra. Satsinga på morellar vart utløyst av samanbrotet i laksefisket etter at lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* vart påvist i Lærdalselva. Då denne viktige inntektskjelda fall vekk for mange bønder, valde fleire å satse på morellar. 30. oktober 2017 vart elva friskmeldt etter mange års behandling mot parasittar (<http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/2017/Oktober-2017/Friskmelder-Lardalselvi-for-Gyrodactylus-salaris/>).

Frukt- og grøntprodusentane i Lærdal samarbeider gjennom samvirket Lærdal Grønt SA som driv merkevareutvikling, produktutvikling og anlegg for mottak, sortering og pakking av frukt og grønt, som t.d. eit eige sorteringsanlegg for morellar. Verksemda arbeider med utviklingsprosjekt knytt til dyrking av jordbær, aprikos og tindved, testing av ulike rippsortar, solbær og stikkelsbær (www.lg.no).

2.3.2 Grovfôrproduksjon og husdyr

Lærdal har stor grovfôrproduksjon og rikeleg med utmarksbeite med høg fôr kvalitet som vert nytta i husdyrhaldet i form av sau, geit og storfe. I likskap med frukt- og grøntnæringa er det godt utbygde vatningsanlegg, god maskinpark og høg kompetanse blant gardbrukarane (Lærdal kommune 2014).

Næringa har vore prega av reduksjon i talet husdyrbesetningar og at arbeid ved sida av gardsbruket fører til mindre tid til gardsdrifta. Det må såleis arbeidast for å sikre rekruttering og fornying i driftsapparatet, som driftsbygningar og gjerde.

Lærdal kommune definerte i sin tiltaksplan for landbruk i perioden 2014 – 2017 fem satsingsområde med tiltak som grip fatt i både moglegheitene og utfordringane i området:

- Sikre og ta vare på landbruksareal og verdiane i jordbruket sitt kulturlandskap
- Utvikle og styrke husdyrhaldet i kommunen
- Utvikle og styrke grøntnæringa i kommunen
- Utvikle og styrke landbrukstilknytte næringar
- Synleggjera dei positive effektane landbruket har for Lærdal kommune

Prosjekt Sau og Utmark som vart gjennomført frå 2012 – 2017 med støtte frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Kommunane Årdal, Lærdal og Aurland og sauenæringa i desse tre kommunane har vore eit konkret tiltak for ta grep om utviklinga i husdyrhaldet. Prosjektet hadde som mål å utvikle sauenæringa og stoppe nedgangen i tal dyr og bruk. I løpet av prosjektperioden er det registrert 13 nye sauebesetningar, og tendensen er at nedgangen i dyretalet har flata ut (Avsluttande rapport Sau og Utmark 2012 - 2017). Lærdal kommune har i tillegg sett i gang to prosjekt som spring ut av Prosjekt Sau og utmark; eit beiteprosjekt som vert avslutta i 2017 og vidareforedlingsprosjektet Sognalamb som starta hausten 2017.

2.3.3 Andre brukarinteresser

Lærdal held i dag fram med å vere eit viktig knutepunkt for ferdsle med E16 som går gjennom heile dalføret. Lærdalstunnellen som binder Lærdal og Aurland saman har auka denne knutepunktfunksjonen.

Reiseliv er ei viktig næring, der hovudattraksjonane er kulturminne som Gamle Lærdalsøyri, Borgund stavkyrkje og Kongevegen, og ikkje minst Lærdalselvi. I samband med friskmeldinga av elva vil truleg fisket vere på veg opp att. Norsk Villakssenter på Lærdalsøyri formidlar både biologiske og kulturhistoriske sider ved villaksen.

Lærdal kommune har status som berekraftig reisemål, som er eit kvalitetsmerke for norske reisemål. Konseptet dreier seg om å vareta natur, samfunn og landskap, og samstundes skape grunnlag for at lokalsamfunnet har noko å leve av. Med eit langsiktig perspektiv om bevaring av natur og landskap er dette ei form for reiseliv som harmonerer godt med status som utvalt kulturlandskap i jordbruket.

Lærdal er ein kraftutbyggingskommune, der tre kraftstasjonar produserar store mengder kraft frå delar av Lærdalselva sitt nedslagsfelt.

Viktige arbeidsplassar er også kommunal forvaltning, Lærdal sjukehus, bygg og trevare og handel.

2.4 Avgrensing av området

Kjerneområda Eraker - Borlaug, Borgund–Seltun, Stuvane–Raa, munningen av Tynjadalen og Hauge–Molde utgjer kvar for seg heilskapelege kulturlandskap som utgjer kjerneområda i UKL-området (Austad et al. 1993).

Området totalt sett utgjer 39 000 dekar, og kjerneområda høvesvis 574 780 m² (Eraker - Borlaug), 4,02 km² (Borgund - Seltun), 3,71 km² (Stuvane - Raa) og 1,44km² (munningen av Tynjadalen) og 1,71 km² dekar (Hauge - Molde):



Figur 2 Kart over det foreslåtte UKL-området Midtre Lærdal. Kjelde: Fylkesatlas


Grensene for området med kjerneområde er delvis sette på basis av avgrensinga som vart sett i samband med registreringa av nasjonalt verdifulle kulturlandskap på 1990-talet, og er henta frå rapporten *Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane. Prioriterte områder og frå Utvalde kulturlandskap i jordbruket – områdekandidatar i Sogn og Fjordane. Rapport av 15. april 2008*. I tillegg er opplysningar frå Naturbase og Kulturminnesøk nytta for å fange opp ev. nyregistrerte lokalitetar sidan den gang. I rapporten frå 2008 var framlegget å innlemme området frå Borlaug til Sæbø (Erdal) som UKL-område. Områdeavgrensinga i 2017 er snevrare enn dette framlegget, m.a. av omsyn til forvaltning og økonomi.

Interesse frå grunneigarar har i løpet av prosessen i 2017 vist at det er rett å ta med området frå Hauge til Borlaug, sjølv om dette utgjer eit relativt stort UKL-område. Grunneigarar og faglag har teke til orde for at UKL-status i seg sjølv er attraktivt, t.d. brukt i merkevarebygging rundt lokale produkt. Ved å avgrense særskilte kjerneområde for skjøtsel, og å rigge eit forvaltningsopplegg for tilskot som kombinerer ulike tilskotsordningar, og som ikkje legg opp til å binde UKL-midlane opp i faste, årlege tilskot, vil det likevel vere mogleg å oppnå måla i forvaltningsplanen for området. Etter ønske frå Lærdal kommune er området rundt eit planlagt industriområde på Håbakken teke ut av det foreslåtte UKL-området for å unngå konflikt mellom UKL-status og kommunen sine planar for næringsutvikling.

2.4.1 Kjerneområde Borlaug - Eraker

Området omfattar elvesletta i åmøtet mellom Mørkedøla (frå Hemsedalsfjellet) og Smedalselvi (frå Filefjell) der Lærdalsdalføret delar seg her i dei to sidedalane Smeddalen og

Mørkedalen (fig. 3). Her ligg gardane Eraker og Borlaug og restane etter fleire husmannsplassar.




Figur 3 Kart over kjerneområdet Borlaug - Eraker

Området er rikt på kulturminne, særleg knytt til dei tre husmannsplassane Tåkleheim, Grandane og Runntupp på Eråksgrandane, der det framleis er godt synlege hustuffer i tillegg til ei rekkje steinopplegg og steingardar (Hauge og Austad 1989). På Borlaug finn vi dag eit bygdetun med samling av ulike bygningstypar og gjenstandar frå lokalområdet. Tunet ligg i eit godt skjøtta kulturlandskap der delar er klassifisert som naturbeitemark. I dette kulturlandskapet framtrer Kongevegen som eit viktig element. Det er elles arkeologiske funn frå både steinalder, bronsealder og jernalder i området som generelt er lett tilgjengeleg for oppleving.

2.4.2 Kjerneområde Borgund – Seltun

Området omfattar dalgangen mellom Borgund stavkyrkje og Seltun gard, der landskapsforma er dramatisk og variert med tronge gjeld og steile fjellsider, brote av opne og lune dalrom ved Seltun, Fjellheim, Husum, Borgund og Nese. Lærdalselvi har i dette området fleire stryk og fossar mellom dei meir rolige elvepartia (fig. 4). Desse vekslingane byggjer opp ein særskilt dramatik i landskapet.



Figur 4 Kart over kjerneområdet Borgund - Seltun

Området utpeikar seg med eit rikt og variert innhald av kulturminne innanfor eit relativt lite område. Av kulturminne som bør nemnast er vegsystema som omfattar Kongevegen med Vindhella, Sverrestigen og vegen over Seltåsen og Steineåsen, Borgund stavkyrkje, husmannsplassen Galdane, den gamle skysstsjonen på Husum /Husum hotell, det freda bygningsmiljøet på Nedre Kvamme gard og klyngetunet på Nese.

Av kulturmarkstypar er det særskilt Galdane, Nese gard og Borgund som vert trekte fram i rapportane frå 90-talet (Austad et al. 1993). På Galdane er den viktigaste kulturmarkstypen slåtteeng med A-verdi, dvs. utvalt naturtype. På Nese finn vi hagemark, og på Borgund, lokalt viktige slåtteenger.


Jordbruksarealet i kjerneområdet er avgrensa til gardane Seltun, Nedre-Hegg, Haugen, Nedre Kvamme, Husum, Tråve, Nese og Borgund, og utgjør relativt beskjedne mengde fulldyrka og overflatedyrka mark.

Nye E16 ligg for det meste i tunnell under Seltåsen, slik at den gamle stamvegen er bevart. Dette medverkar til at landskapet er lett tilgjengeleg for oppleving via dei eldre vegtraseane.

2.4.3 Kjerneområde Stuvane - Raa

Området omfattar strekninga frå Ljøsne til Bjørkum/Hynjo, inkludert munningen av Råsdalen (fig. 5). Vatningsveitene på Stuvane, slåtteeng og hagemark på Sloane og Hynjo er element som særleg vert trekt fram i tidlegare rapportar om kulturlandskapet i området (op.cit.). I

tillegg er det registrert restar etter slåtteenger på Ljøsne terrasse. Andre strukturar som bakkemurar, rydningsrøyser og steingardar vert òg trekte fram i tidlegare rapportar.



Figur 5 Kart over kjerneområdet Stuvane - Raa

Øvre Ljøsne utgjer eit ope dallandskap der elvesletta er eit framtrédande landskapselement. Ved Hynjahovden vert dalen snevra inn og jordbruksareala ligg på terrasser i dalsidene. Ved Stuvane er elva det mest framtrédande landskapselementet, i tillegg til mektige beitemarker mellom nordsida av elva og fjellsida. E16 går parallelt med elva på denne strekninga, og underordnar seg hovudstrukturane i landskapet.

Området har eit nesten samanhengande areal med kulturmark frå restane av slåtteenger på Ljøsne terrasse i vest til naturbeitemarkene Stuvehagane lengst aust i området.

Av kulturminne utmerkar gardane Rikheim og Hynjo seg med sine bygningsmiljø, i tillegg til kaupanglokaliteten på Bjørkum datert til vikingtid.

2.4.4 Munningen av Tynjadalen

Tynjadalen utgjer ein sidedal som strekkjer seg sørvestover frå hovuddalføret Lærdal, mellom Bårdshøgdi i vest og Vettle og Store Hånosi i aust (fig. 6). Elva Kuvelda renn gjennom dalen og møter Lærdalselvi ved Grøte. Kjerneområdet utgjer munningen av sidedalen og Tønjum i vest. Tønjum er ikkje med i kjerneområdet i rapporten frå 1993, men supplerande kartleggingar fram til 2011 har vist at det også her er viktige biologiske verdiar som bør varetakast (Naturbase).

Tynjadalen og fjellområda innanfor har gjennom lange tider vore viktige beiteområde for bruka i hovuddalføret, særskilt Grøte og Voll. I munningen av dalen finn vi det heilskapelege kulturlandskapet, husmannsplassen Halabrekka med hagemark (BN142210032) og bygningsmiljø, hagemarksområdet Fossteigen (BN142210045) og slåttemarka Holkperhagen (BN009005). Områda peikar seg ut med rikt biologisk mangfald i beiteområda. På Tønjum er det registrert naturbeitemark og ei elveøy og flommarksskog med raudlistearten klåved (NT). Det er i Faktaarket i Naturbase anbefalt at beite og slått vert iversett på delar av sistenemnde lokalitet.


I området er det store mengder steinopplegg i form av gjerde, ledevegar/geilar og tufter, m.a. etter husmannsplassar. I tillegg er det synlege restar etter vatningsveiter mange stader. Under stamvegregistreringa i 1993 vart det registrert fleire førreformatoriske (bronsealder/jernalder) strukturar knytt til busetnad (stolpehol, eldstad m.m.) ved Flåtane og på Øvrevoll. Mellom Øvrevoll og Hauge er det registrert eit gravfelt med røyser daterte til vikingtid. Tønjum var kyrkjestad i mellomalderen, og kyrkja nemnd i 1340. Noverande kyrkje vart reist etter at stavkyrkja på staden bles ned i 1824. Noko av materialet frå stavkyrkja er gjenbrukt i noverande kyrkje (Kulturminnesøk).

2.4.5 Hauge – Molde

Området omfattar strekninga frå Hauge gard til Molde på austsida av Lærdalselvi (fig. 6).

Dalen er her prega av ei relativt vid elveslette, der det vert drive eit effektivt og moderne jordbruk i form av bær- og grønssaksproduksjon og husdyrhald. På grusterrassar og rasvifter i overgangen mellom elvesletta og fjellsidene finst restar etter tidlegare jordbruksaktivitet og ulike kulturmarkstypar. Både på Hauge og Molde finn vi naturtypen naturbeitemark, og på Molde også slåttemark, haustingsskog og hagemark (Hauge og Vindedal 2017).

Området inneheld og eit variert utval kulturminne, mykje registrert under stamvegregistreringa på 1990-talet. Kulturminne som utmerkjer seg i området er mellomalderkyrkjестaden på Hauge. Kyrkja på Hauge vart riven i 1870 etter at nye Hauge kyrkje på Lærdalsøyri vart innvigd i 1869. Kyrkjegarden er bevart og avgrensa av ein mur, men var truleg noko mindre i omfang i mellomalderen.



Figur 3 Kart over kjerneområda munningen av Tynjedalen og Hauge - Molde

2.5 Biologiske og kulturhistoriske verdier i området

2.5.1 Biologiske verdier

Då området omfattar ei lengre dalstrekning er innhaldet av ulike naturtyper stort. Typane er representative for indre delar av fylket og for område med lite nedbør og kontinentale forhold. Dalføret frå Lærdalsøyri og opp til Nese er einaste arealet av vegetasjonsgeografisk region Sb-C1 (jf. Moen, 1998) på Vestlandet. Det er også einaste staden i heile Norden at denne vegetasjonogeografiske regionentøyter til fjord/hav.

I tilknytning til gamle slåtteenger, naturbeitemarker og vegkantar finst eit til dels svært stort artsmangfald med innslag av sjeldne og sårbare artar. Det er mange funn av sjeldne og raudlista artar av lav, sopp og insekt i området. Dei siste åra er det gjort eit stort arbeid med innsamling av insekt frå lokalitetar i dalen i regi av hobbyentomolog Kai Berggren m.fl. (https://www.sabima.no/wp-content/uploads/2015/12/SABIMA-kartleggingsnotat17-2015_Lepidoptera-L%C3%A6rdal-2015.pdf). Det vil vere behov for å gjennomføre nye registreringar for å oppdatere status på dette feltet.

Sjå vedlegg 1 (skjema) for oversikt over viktige naturtyper i området.

2.5.2 Kulturmarkstypar

I heile området finst slåttemarkar med og utan status som utvalt naturtype, og naturbeitemarker, hagemarker og haustingsskog.

Ein dominerande kulturmarkstype i dalbotnen er både eldre og moderne åkerareal. Skjøtselsinnsatsen i regi av satsinga utvalde kulturlandskap i jordbruket vil dreie seg om slåttemark, naturbeitemark og hagemark og vil vere aktuell for mange av desse lokalitetane.

Sjå vedlegg 2 for oversikt over aktuelle skjøtselsområde i Midtre Lærdal UKL

2.5.3 Kulturhistoriske verdier

Midtre Lærdal er rik på kulturminne i alle kategoriar. Kulturminna spanner frå stavkyrkjer og kyrkjestader frå mellomalder, hustuffer og freda bygningar og bygningsmiljø, steingardar, ryddingsrøyser, andre steinopplegg, vatningsveiter, kongeveg, postveg og krigsminne. Spesielt kjent er dei gamle vegane og dei omfattande systema av vatningsveiter av ukjend alder.

Det er døme på mange ulike bygningar i dette området, m.a. freda og verneverdige bygningar. Bygningshistoria i Lærdal er m.a. dokumentert i boka Mellom øst og vest. Eldre bygningar i Lærdal av Claus Lindstrøm.

Som tidlegare ment fortel historiske kjelder, kart og synlege spor i landskapet at vegen mellom Aust- og Vestlandet gjekk gjennom Lærdal og over Filefjell til Vang i Oppland. Det finst fleire parallelle vegfar av ulike alder og standard, og delar av desse er restar etter den Bergenske Kongeveg frå 1790-åra. Dette er den eldste køyrbare vegen mellom aust og vest. I 2009 starta Statens vegvesen, i samarbeid med m.a. Lærdal kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune eit arbeid med revitalisering av vegen som vandringsveg. I samband med dette er det lagt ned ein stor innsats i restaurering av veg og bruer.

Området er godt dekt når det gjeld arkeologiske undersøkingar, mykje som følgje av arbeidet med ny stamveg på 1990- og 2000-talet. Dei automatisk freda kulturminna grupperer seg under kategoriane bergkunst, gravminne/gravfelt, busetjingsspor, dyrkingsspor og aktivitetsområde, kyrkjestader frå mellomalder og hellerar. Det tidlegare skildra funnet frå Nordre Bjørkum i Lærdal er ikkje registrert i Askeladden. Her er det funne meir enn 30 hustuffer og spor etter omfattande handverksproduksjon. Det finst i tillegg eit fyldig tilfang av immateriell kulturarv i form av historier, segner, dikt og musikk frå området.

Sjå vedlegg 1 (skjema) for oversikt over registrerte kulturminne i området.

2.5.4 Heilskap

Området er eit heilskapleg kulturlandskap med klar historisk og geografisk samanheng, som strekk seg i gradienten frå fjordbotnen til overgangen mellom dalbotnen og fjellet. I dette strekket finn vi tradisjonsrike gardsmiljø og lokalitetar med særleg biologisk og kulturhistorisk verdi i mosaikk med moderne produksjonsareal og bygningsmiljø og infrastruktur.

Husmannsplassane Galdane og Halabrekka er døme på heilskaplege kulturlandskap på ein mindre skala.

2.5.5 Kontinuitet og tidsdjupne

Ferdselshistorie og agrare strukturar med eit tidsspenn frå yngre steinalder/bronsealder til notid, utgjer to raude trådar i det heilskaplege kulturlandskapet.

Fleire av kulturmarkene, særleg naturbeitemarkene og slåtteengene har truleg svært høg alder. På gardane i dalføret vert det drive aktivt og moderne jordbruk som er i stadig utvikling. Lærdal har lenge vore kjent for å kunne vere tidleg ute på marknaden med poteter. Dei siste åra er det satsa stort på morelldyrking. Gjennom m.a. arkeologiske undersøkingar og historiske foto er det mogleg å synleggjere kontinuiteten i jordbruket i dalen.

2.5.6 Representativitet og særpreg

Dei ulike kulturmarkene og kulturmiljøa er typiske for indre dalar på Vestlandet. Når det gjeld artssamansetning, særleg med det store innslaget av tørrbakkeartar, er dei til dels spesielle.

Vegetasjonsgeografisk (sjå Moen 1998) er området eineståande ved å vere einaste område av "svakt kontinental seksjon" på Vestlandet. Denne seksjonen finst elles i landet berre i Troms og Finnmark og nokre indre dalar på Austlandet. Det tørre klimaet gjer området særprega sett opp mot resten av Vestlandet og har m.a. resultert i dei store vatningssystema.

Dei mange kulturminna kan seiast å kvar for seg vere representative for Vestlandet, men vert i kombinasjon og konsentrasjon særprega for Lærdal. Det er sjeldan å sjå så klare

funksjonelle samanhengar i eit landskap som vi gjer i Lærdal med sin geografiske plassering, tradisjonar for ferdsle og vegsystem, og dei særskilde klimatiske tilhøve som legg grunnlaget for eit særprega landbruk og kulturminne knytt til vatning.

2.5.7 Formidlingsverdi

Området har stor pedagogisk verdi og er godt eigna til forskning og undervisning. M.a. er området mykje brukt som ekskursjonsområde for undervisningsinstitusjonar. Landskapet vert opplevd av mange og det er lett tilgjengeleg som reisemål. Landskapet ligg langs gjennomfartsvegen E16 mellom Oslo og Bergen, og riksveg 5, og dei mange kjerneområda ligg lett tilgjengeleg for dei som vil stoppe.

Lokalhistorisk arkiv inneheld mykje historisk fotomateriale. Det finst i tillegg eit rikt tilfang av foto frå pionerfotografane frå området, som gjev stort potensial for refotografering (pers. medd. Oskar Puschmann).

2.6 Fotodokumentasjon

Det må, som eit eige prosjekt, gjerast eit systematisk arbeid med førstegangsfotografering som fangar den noverande statusen i området.

Lokalhistorisk arkiv inneheld mykje historisk fotomateriale. Det skal i tillegg finnast eit rikt tilfang av foto frå pionerfotografane frå området, som gjev stort potensial for refotografering (op cit.).

Sjå elles vedlegg 3 med fotografi frå området.

3 Utfordringar

Landbruket i Lærdal står i ein konkurransesituasjon ovanfor andre inntektsgrunnlag, og opplever dei same utfordringane som landbruket elles i landet når det gjeld rekruttering. Færre hender og færre dyr fører til endringar i landskapet.

Dalføret utgjer ei veksling mellom intensivt drive landbruksareal i sjølve dalbotnen og marginale areal i dalsidene. Det er i denne grensesona mellom dyrka mark og utmark at ein finn mange av dei verdifulle kulturmarkene. Også her er landskapet prega av omfattande attgroing.

Klimaendringane med auka nedbørsmengder har allereie vist seg å vere ei utfordring i Lærdal. Siste storflaum råka dalføret hausten 2014 og gjorde stor skade på vegar, bygningar og matjord.

Vegbygging kan vera ein trussel for noko av det viktige arealet. Varetakinga av arealet i Midtre Lærdal vil vere avhengig av om E16-parsellen som strekk seg frå Tønjum til Ljøsne blir lagt i tunnel eller som veg i dagen.

4 Visjonar og mål

Det er stort engasjement i utviklinga av landbruket i Lærdal, både innan grøntnæringa og husdyrnæringa. Det er rift om det dyrka arealet både til grøntproduksjon og dyrking av fôr. Dette gjer at kulturlandskapet er dynamisk og i stadig fornying. UKL-status vil vere positivt for å medverke til at dei eldre elementa i jordbrukslandskapet vert tekne vare på og verdsette slik at kontinuiteten i landskapet held fram parallelt med fornyinga i landbruket.

Visjonen er at Midtre Lærdal skal vere eit område der landbruket held fram med å vere i dynamisk utvikling, der ein tek vare på og utnyttar ressursane for framtidige generasjonar.

Måla for området er å legge eit godt grunnlag for å drive matproduksjon, samstundes som ein tek vare på det gamle jordbrukslandskapet. For å få dette til må vi skape ein kultur som verdsette arbeidet med matproduksjon og kulturlandskapsskjøtsel på lik linje. Det er eit mål å halde fram med engasjementet kring landbruket, å skape auka glede ved å drive i landbruket og status knytt til skjøtsel av det tradisjonelle landskapet. Eit mål er og at det skal vere enkelt og tilgjengeleg å ta del i opplevingar av landskapet i Lærdal og at verdiane i området kjem andre enn Lærdølene til gode.

Forslag til forvaltningsmål:

- Leggje til rette for matproduksjon og halde fram med å byggje merkevara Lærdal
- Ta vare på og synleggjere areal og element som er viktige for området sitt kulturhistoriske og biologiske særpreg, gjennom målretta skjøtsel, arealforvaltning og formidling
- Stimulere til produktutvikling tufta på verdiane i jordbrukslandskapet

5 Skjøtsel og vedlikehald – tiltak

For nokre lokalitetar i området ligg det føre ferdige skjøtelsplanar (sjå vedlegg 2). Det er likevel eit behov for fleire nye skjøtelsplanar for lokalitetar der ein skil mellom strakstiltak og langsiktige tiltak.

For å prioritere mellom tiltak vil Fylkesmannen ta initiativ til å opprette ei arbeidsgruppe med representantar frå grøntnæringa, husdyrnæringa, Lærdal kommune Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen.

Aktuelle tiltak for restaurering og skjøtsel vil i grove trekk vere følgjande:

Restaurering og vedlikehald av bygningar

- Utbetring av verneverdige bygningar i tuna, til dømes våningshus, driftsbygningar, stabbur og reiskapshus
- Restaurering og vedlikehald av bygningar knytt til kulturmarkene, til dømes utløer/høyløer, inkludert fjerning/rydding av uønskt vegetasjon
- Vedlikehald av gamle grunnmurar/tufter, inkludert fjerning/rydding av uønskt vegetasjon

Restaurering og vedlikehald av andre bygde element

- Restaurering og vedlikehald av gamle vegstrukturar, vatningsveiter, bakkemurar, steingardar, rydningsrøyser, stiar, kloppar, inkludert fjerning/rydding av uønskt vegetasjon
- Skjøtsel av automatisk freda kulturminne etter retningsliner frå kulturminnemyndigheita, i hovudsak fjerning av uønskt vegetasjon

Restaurering og skjøtsel av areal

- Skjøtsel (og restaurering) av slåttemark
- Skjøtsel av naturbeitemark
- Skjøtsel av bjørkehagar
- Skjøtsel av hagemark
- Skjøtsel av haustingsskog

Årleg skjøtsel av dei mest verdifulle areala vil m.a. omfatte manuell rydding av vegetasjon, styrt beiting med storfe, sau og geit, samt maskinell slått med tilhøyrande for- og etterarbeid. I nokre høve kan det vere aktuelt med ljåslått.

Det vil vere behov for å fjerne gamle gjerde og setje opp nye for å kunne styre beiting. Kulturmarkene har ein del tekniske strukturar og element som bør restaurerast og skjøttast, til dømes steingardar, bakkemurar og geilar/fegater. Bygningsmiljøet på ein del av lokalitetane vil ha behov for restaurering og vedlikehald.

6 Lovverk – status og tiltak

Status som utalt kulturlandskap i jordbruket endrar ikkje den juridiske statusen til området. Forvaltningsplanen er difor ikkje juridisk bindande, men dannar grunnlaget for varetaking og utvikling av området både på kort og lang sikt. Det langsiktige perspektivet er viktig i høve til statlege mål om å sikre spesielt verdifulle kulturlandskap for framtida. I tillegg treng grunneigarane føreseielege rammer på lang sikt, i høve til sine prioriteringar og innsatsfaktorar.

Den langsiktige forvaltninga kan til ein viss grad sikrast ved å knyte forvaltningsplanen til arealdelen av kommuneplanen, men for å sikre ei langsiktig varetaking av verdiane i området, er det minst like viktig at grunneigarar, kommunal leiing og innbyggjarar elles i kommunen oppfattar området som ein positiv ressurs. Her vil kommunen ha eit særleg ansvar for å halde fram med det positive arbeidet med å forvalte dei store verdiane i landskapet på ein positiv måte.

6.1 Tematisk kommuneplan for landbruk og kulturminnevern

Lærdal kommune vedtok 12.02.2009 ein tematisk kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern. Planen set fokus på mange av dei same verdiane som er vektlagde i UKL-ordninga, og har som mål å vere ein kunnskapsbase og forvaltningsplan for landbruksressursane, kulturlandskapet og kulturminna i kommunen. Planen legg føringar for arealforvaltninga i kommunen, og då for dette området som er viktig for matproduksjon og kulturlandskap, og som har verdifulle kulturminne og kulturmiljø.

Planen seier også at Lærdal kommune skal arbeide systematisk og målretta med forvaltning av verdiane innanfor kulturminne, kulturmiljø, kulturlandskap og landbruk. Det vert lagt opp til bruk og vern av desse ressursane til beste for kommande generasjonar.

Plandokumentet inneheld eit kapittel om retningslinjer som skal leggjast til grunn for å integrere kulturminnevernet i den kommunale sakshandsaminga.

6.2 Anna lovverk

6.2.1 Kulturminnelova

Kulturminnelova gjeld for automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne og verkar m.a. inn i alle lokalitetane som er lista opp i vedlegg 1.

6.2.2 Naturmangfaldlova

Husum naturreservat som ligg innanfor det skisserte UKL-området, er verna etter Naturmangfaldlova, som del av *verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane*. Føremålet med fredinga er å ta vare på eit tilnærma urørt skogområde med spesielle naturtypar, med heile mangfaldet av artar og vegetasjonstypar og alle naturlege økologiske prosessar. Området har særskilt vitskapleg og pedagogisk verdi som ein uvanleg kontinental edellauvskog på Vestlandet, med stort artsmangfald knytt til artsrike berg- og engsamfunn, og som høgproduktiv skogsli med stor høgdegradient veileigna for studiar av framtidige klimaendringar (kjelde: Naturbase VV00002825).

Lokalitetar i kategorien slåtteeng i området er omfatta av naturmangfaldlova som utvald naturtype. Når ein naturtype er utvald etter naturmangfaldlova, vil det seie at det skal takast særskilt omsyn til naturtypen i offentlege avgjerder som kan påverke tilstanden eller utbreiinga av denne typen natur. T.d. inneber statusen meldeplikt for jordbrukstiltak som elles ikkje ville ha kravd godkjenning. Føresegnene om utvalde naturtypar legg vekt på berekraftig bruk, og er ikkje like strenge som reglane i verneområda. Følgjande lokalitetar har formell status som utvald naturtype, sidan dei er registrerte som slåttemark av verdi A eller B:

BN00017558: Galdane, slåttemark – svært viktig (A - har skjøtelsplan frå 1987)

Eit heilskapleg, restaurert kulturlandskap på den gamle husmannsplassen Galdane. Den viktigaste naturtypen er slåtteenger, difor er lokaliteten registrert som dette. I tillegg til desse både turre og noko friskare engene, finn ein og lauingstre av alm og bjørk.

BN00062527: Molde 2, slåttemark – svært viktig (A – har skjøtelsplan frå 2013)

Eng (med tilstøytande beitemark) med høgt biologisk mangfald. Ein lokalitet som er høgt prioritert av skjøtelsgruppa i Sogn og Fjordane, men der det likevel ikkje er alle år det har lukkast å gjennomføre den årlege slåtten.

BN00090015: Nese slåttemark, slåttemark – viktig (B)

Enger med innslag av ulike gras og urter knytte til slåtte-påverknad. Dei er delvis overflaterydda og fylgjer terrengformene. Feltsjiktet er svært artsrikt med ein artssamansetnad som viser attende på langvarig kulturpåverknad

BN00017561: Ljøsne terrasse, slåtteemark – svært viktig (A)

Restar av slåtteenger i sørvendt terrasseskråning. Her finn ein på einskilde plassar rike førekomstar av austlege, varmekjære tørrengplantar. Lokaliteten har òg høgt potensiale for varmekjære, sjeldsynte insektsartar. Ytre avgrensing av området dekker fleire førekomster langs den same terrassekanten

7 Tiltak for næringsutvikling

Det aktuelle UKL-området er i kommunedelplanen for landbruk og kulturminnevern trekt fram som eit område der Lærdal kommune vil leggje vekt på å forvalte kulturlandskap og landbruk på ein berekraftig måte, dvs. bruk og vern. Det er eit ønskje at landbruket skal halde fram med å utvikle seg positivt og å auke landbruksproduksjonen både innan grønt- og husdyrnæringa, og i landbrukstiknytte næringar (Lærdal kommune 2014). Dette innber m.a. at Lærdal kommune har fokus på omdømmebygging, kompetanseheving og å unngå inngrep og omdisponeringar i område som er viktige for matproduksjon. Landbruksprodukt frå Lærdal er etterspurt i marknaden med varemerke som Lærdals beste (bringebær) og Lærdal grønt. Landbruksnæringa ser på UKL-statusen som eit kvalitetsstempel som byggjer opp under desse merkevarene.

Lærdal kommune er medviten om at det gamle jordbrukslandskapet har nasjonale og regionale verdiar, som m.a. er viktige for rekreasjon, friluftsliv og reiseliv. Lærdal har status som *Berekraftig reisemål* der bevaring av natur, kultur og miljø er eit av ti viktige prinsipp som ligg til grunn. UKL-status for Midtre Lærdal vil vere med på å byggje opp under denne statusen og auke moglegheitene for utvikling av reiselivsprodukt som er i tråd med statusen.

Det er potensiale for utvikling av opplevingstilbod i reiselivsnæringa, m.a. i tilknytning til Kongevegen med sin internasjonale status.

8 Kostnadsoverslag og finansiering

8.1 Kostnader

Midtre Lærdal er eit stort område med mange grunneigarar og mange potensielle skjøtselstiltak. Det totale arealet utgjer rundt 39 000 dekar. Utkastet til budsjett for området er tufta på utrekningar av dekar areal pr. lokalitet med viktige kulturmarkverdiar, multiplisert med standardsatsar knytt til type kulturmark/tiltak. Talet på dyr som beitar i området er rundt 3794 sau, 216 geiter, 746 storfe og 14 hestar (pr. 01.01.2017). Vi ser for oss å t.d. kunne kompensere for gjerdeutgifter og kostnadar med ekstra tilsyn ved beiting av prioriterte lokalitetar, men ser at eit generelt dyretilskot vil vere urealiserbart. I tillegg har vi anslått eit behov for årleg skjøtsel knytt til Kongevegen og andre kulturminne.

Vi vil gjennom arbeidet med skjøtelsplanane gjere grundige vurderingar av aktuelle restaurerings- og skjøtselstiltak for kvart areal i samarbeid med grunneigar/brukar/forvaltar. Dette vil gje ein meir detaljert oversikt over kostnadar knytt til skjøtelsen i området.

Det er ikkje utarbeidd oversikt over aktuelle restaurerings- og vedlikehaldstiltak når det gjeld bygningar. Dette krev eit omfattande registreringsarbeid med faglege vurderingar i samarbeid med eigarane.

Dei årlege kostnadene stipulert til å liggje på rundt 2 millionar kroner for heile området dersom alle lokalitetar skal inn i aktiv skjøtsel.

Kostnadsoverslag for 20 år vil vere høgst usikre. Dei største kostnadene er knytte til investering i bygningsrestaurering. Kva tiltak som vert gjennomført vil mellom anna avhenge av grunneigarane/brukarane sine føresetnader, og om det er realistisk med eigenfinansiering og supplerande tilskot frå andre hald, til dømes kulturminnefondet. Det er ikkje justert for prisendringar i framtida, som også vil slå ut på kostnadsnivået. Det er også usikkert om det vil vere realistisk å setje i stand alle felta i eit område. Dette vil mellom anna avhenge av tilgjengeleg arbeidskraft, dyr og driftsmidlar.

8.2 Finansiering

For å finansiere alle ønskelege tiltak i området vil det vere naudsynt å kombinere fleire finansieringskjelder ni tillegg til dei øyremerka midlane til utvalde kulturlandskap i jordbruket. Døme på andre finansieringskjelder er:

Regionalt miljøprogram (RMP)

- Aktuelt for eigedomar i aktiv drift
- Aktuelle tilskotsordningar gjennom RMP i Sogn og Fjordane pr. i dag er tilskot til drift av bratt areal, skjøtsel av steingardar og bakkemurar, slått og beite av biologisk verdifulle areal, automatisk freda kulturminne (kun gravminne) og skjøtsel med ammegeit og kje

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

- Aktuelt for eigedomar i aktiv drift
- I Lærdal kommune sin tiltaksstrategi for SMIL-ordninga er tiltak knytt til aktivt landbruk der det ligg føre klare mål for å vareta natur- og/eller kulturminneverdiar prioriterte
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved landbruksavdelinga må vurdere å prioritere Lærdal kommune ved fordeling av SMIL-midlane til kommunane, dersom dette vert naudsynt for å følgje opp viktige tiltak i UKL-området

Kulturminnefondet

- Er aktuelt for tiltak knytt til tiltak på alle faste kulturminne som buplassar, hus og bygningar og kulturlandskap
- Støttar gjerne prosjekt som vert samfinansiert med andre tilskotsordningar
- Søknadsfrist 1. november

Kulturminner for alle (Fortidsminneforeningen)

- Er aktuelt for istandsetjing av kulturminne som er tilgjengelege for ålmenta og som medverker til å vareta tradisjonshandverk
- Søknadsfrist 1. mars

Tilskot til truga og utvalde naturtypar (UN)

- Aktuelt for slåtteeng/slåttemark (UN), inkludert lauveng og haustingsskog (føreslått UN)

Nærings- og konsesjonsavgiftsfondet til Lærdal kommune

- Er aktuelt for tiltak knytt til næringsutvikling

Statens vegvesen

- Finansierer delar av skjøtselsarbeidet knytt til dei historiske vegane i dalen

9 Vedlegg

Vedlegg 1: Skjema for utfylling_aktuelle områdekandidatar til Utvalde kulturlandskap i jordbruket – Midtre Lærdal – versjon 1. november

Vedlegg 2: Oversikt over aktuelle skjøtselsområde i Midtre Lærdal UKL

Vedlegg 3: Foto frå området (alle foto: Leif Hauge)

10 Kjeldeliste

Austad, Ingvild og Leif Hauge. 1987. Galdane i Lærdal kommune. Metodeopplegg for istandsetting og skjøtsel av kulturlandskapet. Økoforsk utredning 1987: 4.

Austad, Ingvild, Leif Hauge og Turid Helle. 1993. Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane. Prioriterte områder.

Avsluttande rapport Sau og Utmark 2012 – 2017. Lærdal kommune.

Elstad, Espen. 1997. Skjøtselstiltak på Galdane. Semesteroppgave i kulturlandskapskjøtsel. Høgskulen i Sogn og Fjordane. 1997.

Enzensberger, Tanaquil. 2017. Framlegg til faktablad for naturtypelokalitet Nese heimeutmark, Lærdal. På oppdrag for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2017.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. 2008. Utvalde kulturlandskap i jordbruket - områdekandidatar i Sogn og Fjordane. Rapport av 15. april 2008.

Hauge, Leif og Ingvild Austad. 1989. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Lærdal kommune. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. Rapport nr. 4. Sogn og Fjordane Distrikshøgskule skrifter 1989:5.

Hauge, Leif og Ingeborg Vindedal. 2017. Skjøtselsplan for kulturlandskapet på Molde, Lærdal. HVL- Rapport nr. 02-2017. Avdeling for ingeniør- og naturfag.

Knagenhjelm, Christoffer. 2015. Skjøtselsplan for Den Bergenske Kongeveg. Utvalde strekningar mellom Seltun og Maristuen. Aurland Naturverkstad rapport 4 – 2015.

Kulturminnesøk. <https://kulturminnesok.no/>

Lindstrøm, Claus. 2002. Mellom øst og vest. Eldre bygningar i Lærdal.

Loftsgarden, Kjetil og Morten Ramstad. 2017. I hjartet av Lærdalskvartsitten. Artikkel i NORARK. <http://www.norark.no/prosjekter/aurdal-laerdal-og-hemsedal/jella/hjartet-av-laerdalskvartsitten-%e2%80%92-2017-2018-2019-2020-2021-2022-2023-2024-2025-2026-2027-2028-2029-2030-2031-2032-2033-2034-2035-2036-2037-2038-2039-2040-2041-2042-2043-2044-2045-2046-2047-2048-2049-2050-2051-2052-2053-2054-2055-2056-2057-2058-2059-2060-2061-2062-2063-2064-2065-2066-2067-2068-2069-2070-2071-2072-2073-2074-2075-2076-2077-2078-2079-2080-2081-2082-2083-2084-2085-2086-2087-2088-2089-2090-2091-2092-2093-2094-2095-2096-2097-2098-2099-2100-2101-2102-2103-2104-2105-2106-2107-2108-2109-2110-2111-2112-2113-2114-2115-2116-2117-2118-2119-2120-2121-2122-2123-2124-2125-2126-2127-2128-2129-2130-2131-2132-2133-2134-2135-2136-2137-2138-2139-2140-2141-2142-2143-2144-2145-2146-2147-2148-2149-2150-2151-2152-2153-2154-2155-2156-2157-2158-2159-2160-2161-2162-2163-2164-2165-2166-2167-2168-2169-2170-2171-2172-2173-2174-2175-2176-2177-2178-2179-2180-2181-2182-2183-2184-2185-2186-2187-2188-2189-2190-2191-2192-2193-2194-2195-2196-2197-2198-2199-2200-2201-2202-2203-2204-2205-2206-2207-2208-2209-2210-2211-2212-2213-2214-2215-2216-2217-2218-2219-2220-2221-2222-2223-2224-2225-2226-2227-2228-2229-2230-2231-2232-2233-2234-2235-2236-2237-2238-2239-2240-2241-2242-2243-2244-2245-2246-2247-2248-2249-2250-2251-2252-2253-2254-2255-2256-2257-2258-2259-2260-2261-2262-2263-2264-2265-2266-2267-2268-2269-2270-2271-2272-2273-2274-2275-2276-2277-2278-2279-2280-2281-2282-2283-2284-2285-2286-2287-2288-2289-2290-2291-2292-2293-2294-2295-2296-2297-2298-2299-2300-2301-2302-2303-2304-2305-2306-2307-2308-2309-2310-2311-2312-2313-2314-2315-2316-2317-2318-2319-2320-2321-2322-2323-2324-2325-2326-2327-2328-2329-2330-2331-2332-2333-2334-2335-2336-2337-2338-2339-2340-2341-2342-2343-2344-2345-2346-2347-2348-2349-2350-2351-2352-2353-2354-2355-2356-2357-2358-2359-2360-2361-2362-2363-2364-2365-2366-2367-2368-2369-2370-2371-2372-2373-2374-2375-2376-2377-2378-2379-2380-2381-2382-2383-2384-2385-2386-2387-2388-2389-2390-2391-2392-2393-2394-2395-2396-2397-2398-2399-2400-2401-2402-2403-2404-2405-2406-2407-2408-2409-2410-2411-2412-2413-2414-2415-2416-2417-2418-2419-2420-2421-2422-2423-2424-2425-2426-2427-2428-2429-2430-2431-2432-2433-2434-2435-2436-2437-2438-2439-2440-2441-2442-2443-2444-2445-2446-2447-2448-2449-2450-2451-2452-2453-2454-2455-2456-2457-2458-2459-2460-2461-2462-2463-2464-2465-2466-2467-2468-2469-2470-2471-2472-2473-2474-2475-2476-2477-2478-2479-2480-2481-2482-2483-2484-2485-2486-2487-2488-2489-2490-2491-2492-2493-2494-2495-2496-2497-2498-2499-2500-2501-2502-2503-2504-2505-2506-2507-2508-2509-2510-2511-2512-2513-2514-2515-2516-2517-2518-2519-2520-2521-2522-2523-2524-2525-2526-2527-2528-2529-2530-2531-2532-2533-2534-2535-2536-2537-2538-2539-2540-2541-2542-2543-2544-2545-2546-2547-2548-2549-2550-2551-2552-2553-2554-2555-2556-2557-2558-2559-2560-2561-2562-2563-2564-2565-2566-2567-2568-2569-2570-2571-2572-2573-2574-2575-2576-2577-2578-2579-2580-2581-2582-2583-2584-2585-2586-2587-2588-2589-2590-2591-2592-2593-2594-2595-2596-2597-2598-2599-2600-2601-2602-2603-2604-2605-2606-2607-2608-2609-2610-2611-2612-2613-2614-2615-2616-2617-2618-2619-2620-2621-2622-2623-2624-2625-2626-2627-2628-2629-2630-2631-2632-2633-2634-2635-2636-2637-2638-2639-2640-2641-2642-2643-2644-2645-2646-2647-2648-2649-2650-2651-2652-2653-2654-2655-2656-2657-2658-2659-2660-2661-2662-2663-2664-2665-2666-2667-2668-2669-2670-2671-2672-2673-2674-2675-2676-2677-2678-2679-2680-2681-2682-2683-2684-2685-2686-2687-2688-2689-2690-2691-2692-2693-2694-2695-2696-2697-2698-2699-2700-2701-2702-2703-2704-2705-2706-2707-2708-2709-2710-2711-2712-2713-2714-2715-2716-2717-2718-2719-2720-2721-2722-2723-2724-2725-2726-2727-2728-2729-2730-2731-2732-2733-2734-2735-2736-2737-2738-2739-2740-2741-2742-2743-2744-2745-2746-2747-2748-2749-2750-2751-2752-2753-2754-2755-2756-2757-2758-2759-2760-2761-2762-2763-2764-2765-2766-2767-2768-2769-2770-2771-2772-2773-2774-2775-2776-2777-2778-2779-2780-2781-2782-2783-2784-2785-2786-2787-2788-2789-2790-2791-2792-2793-2794-2795-2796-2797-2798-2799-2800-2801-2802-2803-2804-2805-2806-2807-2808-2809-2810-2811-2812-2813-2814-2815-2816-2817-2818-2819-2820-2821-2822-2823-2824-2825-2826-2827-2828-2829-2830-2831-2832-2833-2834-2835-2836-2837-2838-2839-2840-2841-2842-2843-2844-2845-2846-2847-2848-2849-2850-2851-2852-2853-2854-2855-2856-2857-2858-2859-2860-2861-2862-2863-2864-2865-2866-2867-2868-2869-2870-2871-2872-2873-2874-2875-2876-2877-2878-2879-2880-2881-2882-2883-2884-2885-2886-2887-2888-2889-2890-2891-2892-2893-2894-2895-2896-2897-2898-2899-2900-2901-2902-2903-2904-2905-2906-2907-2908-2909-2910-2911-2912-2913-2914-2915-2916-2917-2918-2919-2920-2921-2922-2923-2924-2925-2926-2927-2928-2929-2930-2931-2932-2933-2934-2935-2936-2937-2938-2939-2940-2941-2942-2943-2944-2945-2946-2947-2948-2949-2950-2951-2952-2953-2954-2955-2956-2957-2958-2959-2960-2961-2962-2963-2964-2965-2966-2967-2968-2969-2970-2971-2972-2973-2974-2975-2976-2977-2978-2979-2980-2981-2982-2983-2984-2985-2986-2987-2988-2989-2990-2991-2992-2993-2994-2995-2996-2997-2998-2999-3000>

Lærdal kommune. 2009. Kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern. Temaplan. Godkjend i kommunestyret 12.02.2009.

Lærdal kommune. 2014. Tiltaksplan for landbruk 2014 – 2017.

Moen, A. (red.) 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens Kartverk, Hønefoss.

Naturbase. <http://www.miljodirektoratet.no/no/tjenester-og-verktoy/database/naturbase/>

NRK. 2016. <https://www.nrk.no/sognogfjordane/inger-kristine-leitar-etter-tre-i-indre-sogn-1.13106728>

Ramstad, Morten, Lene Synnøve Halvorsen og Asle Bruen Olsen. 201?. Bjørkum: feasting, craft production and specialisation on a Viking Age rural site in Norway. Artikkel I Antiquity. <http://antiquity.ac.uk/projgall/ramstad328/>

Ramstad, Morten. 2011. Bjørkum. Et innblikk i nye økonomiske og sosiale strukturer i tidlig vikingtid. Artikkel i RISS 2 – 2011.

Munnlege kjelder:

Leif Hauge. Høgskulen på Vestlandet.

Magnhild Aspevik. Landbrukssjef. Årdal, Lærdal og Aurland kommunar.

Oskar Puschmann. Landskapsgeograf. NIBIO.